



Arkoconsult AS  
Nina Sjøvik Mjømen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/300 - 15/26542

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
14.08.2015

## Planstatus og innsyn - gbnr 108/515 Lindås - flytebrygge

Du har sjølvsagt rett i at det som ligg utanfor plangrensa for reguleringsplanen, ikkje er i strid med reguleringsplan, men med overordna plan, som er kommuneplan for Lindås kommune 2003-2014, som framleis gjeld for dette området. Den nye kommunedelplanen er enno ikkje godkjent. Arealbruken er den same: bruk og vern av sjø og vassdrag/natur, friluftsliv,ferdsle og fiske. Flytebrygge/bølgedempar er i strid med arealføremålet og det generelle plankravet. Utgangspunktet var at tidlegare eigar skulle endra reguleringsplanen, og BOH gav løyve på grunnlag av eit skisseframlegg til ny plan.

Kommunen sitt planarkiv: <http://www.geoweb.no/braplan/index.jsp>

Lindås Feriesenter AS fekk i 2002 dispensasjon frå reguleringsplanen og løyve til å leggja ut ei brygge på 2,5 m x 36 m. Eigedommen var den gongen del av gbnr 108/33, seinare frådelt og tildelt gbnr 108/515. Denne brygga høyrer no til Lindås Brygge AS sitt anlegg. Dei to andre bryggene høyrer til sameiga 108/33 og 108/540, og dei ligg innafor planområdet.



Som vist på kartutsnittet, er brygga 36 m , men ho stikk 40m ut frå land, det vil seia 12 m utafor planområdet. Dersom det skal søkast om dispensasjon og ikkje planendring, ville eg ha med denne delen

med i søknaden. Eg er ikkje sikker på om vi den gongen var klar over kor langt ut brygga gjekk i forhold til regulert område

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

108-33 sitplan flytebrygge 2002

108-33 Loyve flytebrygge 2002

**Mottakarar:**  
Arkoconsult AS